

Forskrift om skule- og feriedagar, Fyresdal kommune

§ 1. Formål og verkeområde

Fyresdal kommunestyre har [dato] vedteke forskrift om ferie- og fridagar for elevane i Fyresdal kommune. Forskrifta utgjer ei oversikt over skuledagar og feriedagar for elevane. Forskrifta er gjeve med heimel i Opplæringslova § 14-1 andre ledd.

Forskrifta trådde i kraft 1. august 2024.

Forskrifta gjeld for elevar ved Gimle skule i Fyresdal kommune med unntak av vaksenopplæringstilbodet.

§ 2. Skuleåret

Skuleåret skal strekke seg over minst 38 veker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker.

§ 3. Årleg skulerute

For kvart skuleår fastsett kommunalsjef for kultur og oppvekst ei skulerute. Den skal gje oversikt over elevane sine skuleferiar og andre skulefrie dagar i grunnskulen i Fyresdal kommune. Skuleruta skal publiserast på kommunen si heimeside i løpet av våren, før nytt skuleår. Skulen skal kvart år informere føresette om skuleruta etter at den er vedteke for neste skuleår.

§ 4. Nasjonale prøver og eksamen

Skuleruta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøver og eksamen.

§ 5. Reglar og lokale unntak

- a. Oppstart og avslutning av skuleåret, haustferie, juleferie, vinterferie og påskeferie skal stå i skuleruta. På grunn av fylkeskommunal ordning for

skuleskyss, skal skuleruta avklarast med Telemark fylkeskommune før den blir vedteke.

- b. Skulen kan gjere lokale endringar av planleggingsdagar, om særlege grunnar talar for dette. Dette må godkjennast av samarbeidsutvalet (SU) ved skulen. Saken sendast til endeleg godkjenning hjå kommunalsjef for kultur og oppvekst.

§ Verknadstidspunkt

Denne forskrifta trer i kraft